

Forskrift om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Vang kommunestyre den xx.xx.xxxx med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven) §§ 6, 9, 11 og 12

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å bidra til å fremja eit ansvarleg hundehald som ivaretek omsynet til tryggleik og alminneleg ro og orden. Forskrifta skal vidare bidra til å førebyggja konflikhtar mellom hundeeigar og ålmenta, hindra skremmande åtferd frå hund og hindra at hundar jagar eller skadar bufe på beite.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for heile Vang kommune.

§ 3. Sikring av hund ved bandtvang

Heimla i § 6 i hundelova.

Bandtvang vert definert som hundehaldar si plikt til å halda hund i band, eller forsvarleg inngjerda eller innestengt.

Det er bandtvang

- a. i tilknytning til bustadområde og handleområde
- b. på kyrkjegardar og gravlundar
- c. på område for skular og barnehagar. Her kan ein berre ta med hund etter avtale med den ansvarlege
- d. på anlegg for leik, idrett, sport og rekreasjon når desse er i bruk av andre. Til dømes leikeplassar, aktivitetsparkar og offentlege badeplassar
- e. Under ekstraordinære forhold, herunder forhold som gjer bandtvang naudsynt for å beskytte vilt, til dømes krevjande snøforhold.

I heile kommunen er det i tillegg til den ordinære bandtvangstida, f.o.m. 1. april t.o.m. 20. august, utvida bandtvang når bufe går ute, nærare bestemt f.o.m. 21. august t.o.m. 31. oktober.

§ 4. Unntak

Saman med unntaka beskreve i hundeloven §9 vil reglane i § 3 i denne forskrifta ikkje gjelde for:

- a. dresserte gjetarhundar under sanking av bufe på beite
- b. gjetarhundar som frå 21. august vert nytta under lovleg trening og gjetarhundprøver, og vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar
- c. godkjente jakthundar som frå 21. august vert nytta under vilttaksering, og vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar

Punkt b) og c) føreset samtykke frå grunneigar/rettighetshavar jamfør hundeloven § 8.

§ 5. Ro og orden

Hundehaldar pliktar straks å fjerna ekskrement som hund let etter seg på offentleg stad. Med offentleg stad meiner ein stader som er mynta på allmenn ferdsle.

Hundehaldar pliktar å syte for at alminneleg ro og orden vert ivareteke, med dette meines at hunden til dømes ikkje uroa nokon ved vedvarande gøyning eller liknande.

§ 6. Tal hundar i ei hushaldning eller på ein eigedom

Dersom ein skal halda tre eller fleire vaksne hundar på ein eigedom eller i ei hushaldning, må liggje- eller lufteplassar vera tilpassa hunderasar og tal hundar.

§ 7. Dispensasjon

Kommunen kan dispensera frå denne forskrifta.

§ 8. Ikraftsetting

Denne forskrifta gjeld frå same dato som ho vert kunngjort i Norsk Lovtidend. Samstundes vert forskrift av 22. mars 2018 nr. 661 om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, Oppland oppheva.